



Alver kommune

Sendt til: post@alver.kommune.no

Vår referanse:
64849502/2587654

Ansvarlig advokat:
Stig J. Harris

Dato:
1. mars 2023

SAKSOMKOSTNINGSKRAV – KLAGE PÅ REGULERINGSPLAN FOR FV. 57 MED GANG OG SYKKELVEG LINDÅS TETTSTAD – MONGSTAD – GNR 118 BNR 1

1. Innleiing

Harris Advokatfirma AS har bistått eigar av gnr 118 bnr 1 i samband med klage på reguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad.

I møte den 23.02.2023, i sak 007/23, tok kommunestyret i Alver klaga delvis til følge.

På vegne av Tykhelle krev vi dekning for sakskostnadane som er gått med for å få endra vedtaket, jf. forvaltningsloven (fvl) § 36.

2. Rettsleg utgangspunkt for dekning av sakskostnader

Det følgjer av fvl § 36 første ledd første punktum at «[n]år et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket (...)».

Av Ot.prp. nr. 27 (1968-69) s. 47 går det fram at retten til dekning av sakskostnadar gjeld både i tilfelle der eit vedtak blir endra som følgje av klagehandsaminga og i tilfelle der endringa skjer utanfor klagesak. I denne saka er det ei endring som følgje av klagehandsaming.

3. Vedtaket er endra til «gunst» for Tykhelle

Vedtaket om detaljregulering er gjort om ved at det er stilt krav om planfri kryssing og endra trasè for tilkomst. Det er dermed klart at vedtaket er endra til gunst for heimelshavar.

I vedtaket står det at klaga er delvis teke til følge. Etter vår vurdering er klaga i si heilheit teke til følge, ettersom alle dei krav som vart stilt på vegne av Tykhelle inngår i kommunestyret sitt omgjeringssvedtak.



4. Eigar har hatt «vesentlige kostnader» som var «nødvendige» for å få endra vedtaket

Vi fremjer med dette eit krav på kr 41 957,- inkl. mva for kostnadar som har vore nødvendige for å få endra vedtaket. Faktura er lagt ved kravet. Vi ber om innbetaling til vår klientkonto 9521.16.42638.

Med vennlig hilsen
Harris Advokatfirma AS

Marianne Aadland Sandvik
Advokat
mas@harris.no
911 17 651

Vedlegg: Faktura